

MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
Møtedato	18.10.2016
Kl.	10:00 – 17:55

År 2016, den 18. oktober kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Scandic Sunnfjord Hotel og Spa, Førde.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 30. september 2016.

Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SETERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Erlend Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Henrik Oppen
Karianne Torvanger
Harald Bjarte Reite
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Noralf Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Gunhild Alis Berge Stang
Alfred Bjørlo

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

MILJØPARTIET DEI GRØNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård, Merete Husabø Nornes og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Jakob Andre Sandal og Gunn Karin Sande vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Saklista vart godkjend.

Varaordførar i Førde, Bjørn Harald Haugsvær, helsa tinget.

Ungdomspolitisk utval (UPU), v/Emma Berge Ness og Rune Holsen Nygård, presenterte seg.

Trafikktryggingsprisen 2016 vart delt ut til Anna og Helge Brakstad for innsatsen sin for mjuke trafikantar langs fv. 57 ved Heggelund i Gulen.

Innovasjon Norge sin Bedriftsutviklingspris i landbruket 2016 vart delt ut til Ciderhuset v/ Åge Eithungjerde og Eli Grete Høyvik. Gard Eithungjerde Høyvik mottok prisen på vegne av Ciderhuset.

Sakene 41/16 – 43/16 vart handsama før sakene 31/16 – 40/16. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår under.

SAK 31/16 Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy i Selje kommune

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barmsund – Barmøy i Selje kommune.
2. Selje kommune får kjøpe opsjonsruter i samsvar med retningslinjene i FT-sak 11/10.
3. Ved ei eventuell overtaking av ferjekaiane har Selje kommune ansvar for at kaiane er i tilfredsstillande stand og godkjend til ferjedrift på overtakingstidspunktet.

SAK 32/16 Bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane - overføring av valrett

Fylkestinget fann Gunn Karin Sande ugild til å delta ved handsaminga av saka. Representanten Per Atle Kjøllesdal tok sete i tinget i Sande sin stad.

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjordeid og Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.
2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksamhet og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtekten må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtekten som må gjerast for å få vedtekten i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.

Ingen endringsframlegg

Avrøysting:

Framleggget frå fylkesutvalet fekk 23 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjordeid og Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.
2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksamhet og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtekten må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtekten som må gjerast for å få vedtekten i samsvar med lov.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
 6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.
-

SAK 33/16 Eigarmelding 2016

Fylkestinget fann representantane Åshild Kjelsnes, Noralv Distad og Anders Ryssdal ugilde til å delta ved handsaminga av Sogn og Fjordane Holding AS. Representanten Per Atle Kjøllesdal tok sete i tinget i Ryssdal sin stad.

Fylkestinget fann representantane Karen Marie Hjelmeseter og Gunn Åmdal Mongstad ugilde til å delta ved handsaminga av Lutelandet Utvikling AS. Representanten Per Atle Kjøllesdal tok sete i tinget i Hjelmeseter sin stad.

VEDTAK:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigapolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert:
 - A. Nye formuleringar i kapittel 1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap/ opprettar av stiftingar
 - B. Ny formulering kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement
 - C. Oppdatert kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar, miljø og etikk
 - D. Nytt kapittel 2.6 om retningslinjer for eigardialog
 2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
 3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - A. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap: F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, KLP, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
 - B. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4, samt fylkestinget sitt vedtak i sak 30/16 (sal av Fjord1-askjar).
-

SAK 34/16 Reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Venstre til nytt punkt 1:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med følgjande tillegg i Kap 9 Etiske retningslinjer:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ikke plassere kapital i kol-selskap, eller i fond som på plasseringstidspunktet har midlar i kol-selskap. Med kol-selskap er det meint kolgruveselskap og kolkraftproduksjonselskap som har meir enn 30 prosent av inntektene fra kolbasert verksemd."

Avrøyting:

Framlegget frå Venstre om eit nytt punkt 1 vart vedteke mot 2 røyster.
Punkt 2 i framlegget frå fylkesutvalet vart samrøytes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017, med følgjande tillegg i Kap 9 Etiske retningslinjer:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ikke plassere kapital i kol-selskap, eller i fond som på plasseringstidspunktet har midlar i kol-selskap. Med kol-selskap er det meint kolgruveselskap og kolkraftproduksjonselskap som har meir enn 30 prosent av inntektene fra kolbasert verksemd."

2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

SAK 35/16 Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt mål som lærebodrift er primært å sikre at søkerar med ungdomsrett etter opplæringslovens § 3-1 frå Sogn og Fjordane får tilbod om læreplass.
2. Fylkeskommunen skal ha minst 22 stillingsheimlar for tilsetting av lærlingar og lærekandidatar.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert å innarbeide i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20.

**SAK 36/16 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av
låneavtale**

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS med to år, med gjeldande vilkår.
 2. Ved sal av fartøyet før 2018, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
-

SAK 37/16 Tertiアルrapport 2/2016

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,250 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert redusert med 1,250 mill. kr.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,000 mill. kr.
- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,530 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill.kr.

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,030 mill. kr

Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr

Teneste 4606 Diverse tilskot vert auka med 0,100 mill. kr.

Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.

- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.

Teneste 5152 Elevenksam vert redusert med 0,400 mill. kr.

Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv. vert auka med 1,340 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.

Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.

Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.

Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.

Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,250 mill. kr.

- 7 Sektorbudsjettet til nærings og kultur, teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,400 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 45,080 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 3 Kjøp av aksjar, Sogn og Fjordane Fondet AS, vert auka med 3,000 mill. kr. Aksjekjøpet vert finansiert med driftsmidlar til investering, 1,5 mill. kr og ubundne fond 1,5 mill. kr.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet kom med framlegg til nytt punkt:

Sektorbudsjett næring og kultur vert tilført kr. 300 000,- til posten Fartøyvern.
Dekning frå bufferfondet.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Arbeiderpartiet fekk 18 røyster for og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,250 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert redusert med 1,250 mill. kr.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,000 mill. kr.
- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,530 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill.kr.

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,030 mill. kr

Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr

Teneste 4606 Diverse tilskot vert auka med 0,100 mill. kr.

Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.

- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.

Teneste 5152 Eleveksamens vert redusert med 0,400 mill. kr.

Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv. vert auka med 1,340 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.

Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.
Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.
Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.
Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,250 mill. kr.

- 7 Sektorbudsjettet til nærings og kultur, teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,700 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 44,780 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 3 Kjøp av aksjar, Sogn og Fjordane Fondet AS, vert auka med 3,000 mill. kr. Aksjekjøpet vert finansiert med driftsmidlar til investering, 1,5 mill. kr og ubundne fond 1,5 mill. kr.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
 - 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.
-

SAK 38/16 Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur - høyringsfråsegn

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
2. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har lang og brei erfaring i å utvikle digitale løysingar og tenester, og har høg fagleg kompetanse. Nye arbeidsformer og digitalisering er eit viktig verkemiddel for ei framtdsretta forvaltning.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti kom med følgjande tillegg til punkt 2:

Slik dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er samde om i intensjonsavtala for ein Vestlandsregion.

Representanten Arnstein Menes (Sp) kom med følgjande endringsframlegg:

Punkt 1. Framlegg om å stryke ordet «nye».

Punkt2: Det vert lagt til grunn at dersom det vert danna ein ny Vestlandsregion skal fylkesmannsembetet ha ei desentralisert...

Avrøysting:

Framlegget frå Arnstein Menes fekk 14 stemmer og fall.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet med dei endringar som går fram under delrøystinga vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
 2. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane, slik dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er samde om i intensjonsavtala for ein Vestlandsregion.
 3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har lang og brei erfaring i å utvikle digitale løysingar og tenester, og har høg fagleg kompetanse. Nye arbeidsformer og digitalisering er eit viktig verkemiddel for ei framtidssretta forvaltning.
-

SAK 39/16 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar i perioden 26.10.-23.11.16.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følgje av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.

Endringsframlegg:

Jakob Andre Sandal (SV) og Arnstein Menes (Sp) kom med følgjande framlegg til vedtak:
Fylkestinget går ikkje vidare med prosessen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane til ein Vestlandsregion.

Avrøyting:

Framlegget frå Jakob Andre Sandal (SV) og Arnstein Menes (Sp) fekk 2 røyster og fall.

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar i perioden 26.10.-23.11.16.
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløysingar.
 3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følgje av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
 4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.
-

SAK 40/16 Fylkesordføraren sin rådgjevar

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesordføraren sin rådgjevar skal tilsettast i ei administrativ stilling.
2. Den ordninga som no vert etablert skal evaluerast ved utgangen av fylkestingsperioden.

Endringsframlegg:

Senterpartiet kom med framlegg om nytt punkt 2:

Fylkestinget ber fylkesrådmann gjennomføre drøftingar med tillitsvalde før stillinga vert utlyst.

Eksisterande punkt 2 vert punkt 3.

Avrøyting:

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Fylkesutvalet si tilråding med dei endringar som delrøytinga viser vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesordføraren sin rådgjevar skal tilsettast i ei administrativ stilling.
 2. Fylkestinget ber fylkesrådmann gjennomføre drøftingar med tillitsvalde før stillinga vert utlyst.
 3. Den ordninga som no vert etablert skal evaluerast ved utgangen av fylkestingsperioden.
-

SAK 41/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020

VEDTAK:

1. Fylkestinget vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre.
-

SAK 42/16 Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

VEDTAK:

1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 med endringa i punkt 2.
 2. Selskapskontroll vert utført i denne prioriterte rekjkjefølgja
 1. Overordna eigarstyring
 2. Sogn og Fjordane Teater LL
 3. Trivselshagen IKS
 4. VIGO IKS
-

SAK 43/16 Forvaltningsrevisjon - Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i "Fjord1-saka"

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»
3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet, Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Framstegspartiet kom med framlegg til nytt punkt 4:

I sak om forvaltningsrevisjon 43/16 har fylkestinget ikkje tillit til fylkesrådmann si handtering av innkjøpsreglementet i Fjord1 saka.

Avrøyting:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeiderpartiet, Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Framstegspartiet fekk 14 røyster og fall.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
 2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresagnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»
 3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.
-

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 18. oktober på Scandic Sunnfjord Hotel og Spa, Førde kommune, var slutt kl. 17:55.